

---

Saksnr: 2021/50577-6  
Saksbehandlar: Åshild Fossgard Sandøy

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		16.11.2021
Fylkesutvalet		30.11.2021

**Lokalbåtar i Sogn og Fjordane - val av hovudtilbod eller opsjon**

## Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek å ikkje løyse ut opsjon på bruk av diesel for kontrakt for lokalbåtar i Sogn og Fjordane (Rutepakke 2).
2. Auka driftskostnader vert innarbeidd i budsjett og økonomiplan.

## Samandrag

Skyss har gjennomført konkurranse om drift av lokalbåtrutene i Sogn og Fjordane, også omtala som Rutepakke 2. Kontrakt for gjennomføring av driftsoppdraget er tildelt Norled AS og kontrakt er signert.

Det vert i kontrakten stilt krav til kor mykje drivstoff operatør maksimalt kan nytte til gjennomføring av drifta. Kravet vil gje ein utsleppsreduksjon på minst 52 prosent sett i høve utsleppa frå dagens drift av sambanda. Vidare inneheld kontrakten ein opsjon for Skyss til å i staden be Norled drifte rutepakken med fossil diesel. Det må no avgjerast om denne opsjonen skal nyttast eller ikkje. Fylkesdirektøren tilrår at denne opsjonen ikkje vert nytta.

Rune Haugsdal  
fylkesdirektør

Håkon Rasmussen  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### 1. Bakgrunn for saka

Fylkesutvalet ga den 19. januar 2021 (sak 3/2021) fylkesdirektøren fullmakt til å gjennomføre konkurranse om drift av lokalbåtrutene i Sogn og Fjordane, samt fullmakt til å tildele og signere kontrakt. Konkurransen og kontrakten skulle innehalde eit hovudtilbod og ein opsjon.

#### Hovudtilbodet:

I Hovedtilbodet vert det stilt krav om at operatør maksimalt kan nytte 2,9 liter drivstoff per køyrde rutekilometer opptil «Korrigert basisproduksjon». Med Korrigert basisproduksjon meinast oppdragsgjevars estimerte årlege tal rutekilometer i oppdraget fråtrukken eventuelt innstilte turer og kortvarige produksjonsendringar. For tal Rutekilometer utover Korrigert basisproduksjon kan operatør nytte maksimalt 6,2 liter drivstoff per køyrde km. Kravet skal oppfyllest på årsbasis for heile rutepakka samla. For den delen av drifta som ikkje vert gjennomført med nullutsleppsteknologi, skal det nyttast fornybart drivstoff. Klimakravet inneber at CO<sub>2</sub>-utsleppa frå desse sambanda er forventa redusert med minst 52 prosent sett i høve utsleppstala frå 2019. Hovudtilbodet inneheld i tillegg ein bonusmodell som vil premiere operatør dersom drivstofforbruket vert lågare enn det årlege klimakravet tillet.

Hovudtilbodet inneber 12 års drift med opptil 2 års forlengingsopsjon.

#### Opsjon:

Kontrakten inneheld ein opsjon for fylkeskommunen til å i staden be operatør gjennomføre oppdraget med bruk av fossilt drivstoff. Ved bruk av denne opsjonen vert kontraktslengda redusert til 6 år rekna frå driftsoppstart.

Fylkesutvalet sitt vedtak innebar at driftskontrakt skal tildelast selskapet som tilbyr konkurransens lågaste evalueringspris der pris for hovudtilbodet vert vekta med 85 prosent og prisen for opsjonen vekta med 15 prosent.

Skyss kunngjorde konkurransen i mars 2021. Fire operatørselskap leverte tilbod og deltok i forhandlingar. Oppdraget vart tildelt Norled AS i starten av oktober 2021 og kontrakt er no signert.

### 2. Vedtakskompetanse

Fylkesutvalets avgjersle frå januar 2021 inneheld følgjande to vedtakspunkt knytt til finansiering og politisk avgjerd for val av driftsløysing:

5. For fylkesutvalet vil bruk av nullutsleppsteknologi avhenge av at fylkeskommunen mottok tilstrekkeleg støtte frå verkemiddelapparatet og statleg medfinansiering. Fylkesutvalet ber politisk og administrativ leiing drøfte med sentrale styresmakter korleis dei nasjonale og regionale ambisjonane om utsleppskutt kan verte finansiert. Finansieringssituasjonen må avklarast før fylkeskommunen tek endeleg stilling til bruk av hovudtilbod eller opsjon.
6. Etter kontraktsignering, når kostnadene er kjend og finansieringssituasjonen er avklart, kjem fylkesrådmannen attende til fylkesutvalet med framlegg til bruk av hovudtilbodet (delvis nullutsleppsteknologi) eller opsjonen (kortvarig konvensjonell drift). Dette må skje før det gjerast større investeringar i fartøy eller på landside.

Kontrakt er tildelt og det må no avgjerast om opsjonen skal nyttast eller ikkje. Saka følgjer opp fylkesutvalet sitt vedtakspunkt 6 i sak 3/2021 frå 19. januar 2021. Fylkesutvalet har følgjeleg avgjerdsmynde i saka.

### 3. Vurderingar og verknader

På bakgrunn av vedtakspunkt 5 i sak 3/2021 til fylkesutvalet om krav til støtte frå verkemiddelapparatet vart det våren 2021 søkt om støtte frå Enova til infrastrukturinvesteringar på kai. Søknaden vart innvilga med tilsagn om opptil 22,3 MNOK i støtte til kjøp og etablering av energiinfrastruktur for desse sambanda ved bruk av hovudtilbodet. Utbetaling av denne støtta føreset at fylkeskommunen tek over eigarskapet til infrastrukturen.

Det må no avgjerast om Norled skal starte opp drifta av sambanda i samsvar med hovudtilbodet, eller om Skyss i staden skal utløyse opsjonen om drift av båtrutane med konvensjonell diesel og redusere kontraktsperioden til 6 år.

Kontrakten med Norled AS inneheld følgjande eingangskostnader og driftskostnader for Skyss:

	Hovudtilbod	Opsjon
Årlege driftskostnader	79 234 350	70 909 481
Eingongskostnad inkl Enova	38 559 360	0
Bonus	0-10 MNOK per år	0

Dersom fylkesutvalet legg til grunn bruk av hovudtilbodet og ikkje utløyser opsjonen, vil Norled ha krav på utbetaling av bonus dei åra dei klarar å gjennomføre drifta med ei lågare mengd drivstoff enn kva klimakravet i hovudtilbodet fastset. Det er ikkje mogeleg å fastsette kva årlege kostnader Skyss vil få knytt til denne bonusordninga, men administrasjonen estimerer at bonusutbetalinga vil kunne utgjere omlag 2-6 MNOK per år.

#### Økonomi:

Bruk av hovudtilbodet vil auke Skyss sin årlege kostnad knytt til drift av sambanda med om lag 8 MNOK. I tillegg kjem eingongskostnader til infrastruktur og årleg bonusutbetaling. Til saman utgjør dette 10-14 MNOK i årlege meirkostnader.

#### Klima:

Bruk av hovudtilbodet vil redusere CO<sub>2</sub>-utsleppa frå drifta med minst 52 prosent sett i høve dagens drift av sambanda.

#### Folkehelse:

Bruk av hovudtilbodet vil ha positiv innverknad på folkehelsa med omsyn til utsleppsreduksjon frå drift av båtsambanda.

#### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Bruk av hovudtilbodet vil samsvare med målet om å redusere klimautsleppa frå kollektivtransporten i fylket.

### 4. Konklusjon og tilråding

Skyss har motteke støtte frå Enova knytt til infrastrukturinvesteringar for denne rutepakken.

I saksframlegget frå januar la administrasjonen fram kostnadsestimat for eit hovudtilbod og ein opsjon. Klimakravet og klimabonussen var forventta å utløyse meirkostnadar på mellom 8 og 16 MNOK. Eingongskostnaden for infrastruktur var forventta å liggje mellom 30 og 36 MNOK. Driftskostnaden som kontrakten med Norled inneber ligg godt innanfor desse estimata, eingongskostnaden minimalt over.

Hovudtilbodet vil gje CO<sub>2</sub>-kutt og bidra til utvikling av nullutsleppsteknologi. Det gjer båtdrifta meir berekraftig.

Basert på dette tilrår fylkesdirektøren at fylkesutvalet vedtek å ikkje utløyse opsjonen, slik at Norled startar opp drifta av Rutepakke 2 Lokalbåtar i Sogn og Fjordane i samsvar med hovudtilbodet.

